

ÅRSPLAN FOR RAULAND BARNEHAGE 2023/2024

Saman om ein god barndom i Rauland barnehage

Det er dei vaksne det kjem an på



Innhald

| | |
|---|----|
| Velkomen til Rauland barnehage..... | 4 |
| Årsplanens funksjon | 4 |
| Barnehagens samfunnsmandat | 5 |
| Vinjebarnehagens verdigrunnlag | 6 |
| Om barnehagen | 7 |
| Frammøte..... | 8 |
| Tilvenning i barnehagen..... | 9 |
| Lurt å tenke på i tilvenningsfasen..... | 10 |
| Tryggleikssirkelen: | 12 |
| Tilknytning og utforsking | 12 |
| Som vaksne skal me alltid hugse på å vera: | 13 |
| STØRRE: | 13 |
| STERKARE: | 13 |
| KLOKARE: | 13 |
| GOD:..... | 13 |
| Ny mobbelov – aktivitetsplikt | 14 |
| Kjernekomponentane i IBSM:..... | 15 |
| Tema i IBSM: | 15 |
| Vaksenrolla..... | 15 |
| Kva for barn får me, når dei møter autoritative vaksne? | 17 |
| Barnehagens satsingsområder..... | 19 |
| Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBSM) | 19 |
| Språk..... | 19 |
| Leik og relasjonsbygging..... | 19 |
| Førebygging av vald og seksuelle overgrep..... | 20 |
| Nærværstrening og Theraplay: | 20 |
| Barnehagens pedagogiske plattform..... | 22 |
| Barns medverknad | 22 |
| Danning gjennom omsorg, leik og læring | 23 |
| Fysisk miljø som fremjar barns utvikling | 24 |

| | |
|--|----|
| Inkluderande fellesskap med plass til det enkelte barnet | 25 |
| Planlegging, dokumentasjon og vurdering | 27 |
| Samarbeid med barnas heim | 28 |
| Gode overgangar mellom avdelingar i barnehagen | 28 |
| Overgang barnehage og skule | 29 |
| Spesialpedagog-team | 31 |
| FAU i Rauland barnehage | 32 |
| Retningsliner for matsservering | 33 |
| Trafikksikker barnehage | 35 |

Velkomen til Rauland barnehage

Rauland er ein av fire kommunale barnehagar i Vinje kommune.

Barnehagen si verksemd blir regulert av:

- Barnehagelova
- Rammeplan for barnehagar, ei forskrift til lova, ny rammeplan i august 2017
- Aktivitetsplikta
- Verksemdplan, overordna plan
- Progresjonsplan, ein meir detaljert plan over arbeidet me gjer
- Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBSM)
- Vedtekter for kommunale barnehagar i Vinje Kommune
- Andre lovar

Årsplanens funksjon

Årsplanen er eit forpliktande dokument som barnehagen skal styre etter.

Den er ein del av kvalitetssikringa vår i tråd med lovar og forskrifter.

«Rammeplanen for barnehagar» og «lov om barnehage» set rammene for årsplanens overordna innhald og arbeid. Årsplanen skal gje ei god oversikt og samstundes synleggjera felles pedagogisk grunnsyn, samt bidra med god informasjon. På den måten kan me sikre målretta omsorg, danning, leik og læring i nær forståing med barnas heimar.

Planen er utarbeid av barnehagens leiarteam. Den blir tatt opp og godkjent i samarbeidsutvalet.

«Barnehagen skal gje barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmogelegheiter i nær forståing og samarbeid med barnets heim» (rammeplanen)



Barnehagens samfunnsmandat

I august 2010 trådte ny føremålsbestemming inn for barnehagen. Med dette får barnehagane eit tydelegare samfunnsmandat kor alle vil vera forplikta til å drive i samsvar med eit felles verdigrunnlag.

§ 1. Formål for barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiøing, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter.

Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (utdrag frå barnehagelova)

Barnehagens samfunnsmandat er å tilby barn eit omsorgs- og læringsmiljø som er til barnas beste. Barnehagen skal vere eit pedagogisk tilbod samt eit velferdsgode for småbarnsforeldre.



Vinjebarnehagens verdigrunnlag

| | | |
|--|--|--|
| <p><u>Respekt:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - At me tolererer at me er ulike, barn som vaksne - At me er anerkjennande - At me er tilstades - At me berre kan endre oss sjølve og ikkje andre | <p><u>Samhandling:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Godt samarbeid - At me samarbeider på tvers av avdelingar - At me kommuniserer godt vaksen-barn, barn-barn og vaksen-vaksen - At me gjev kvarandre tilbakemeldingar | <p><u>Kompetent:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - At me er skikka for jobben - At me er tydelege - At me er oppdatera fagmessig - At me veit kva me driv på med |
| <p><u>Målretta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - At me jobbar mot eit mål, evaluerer undervegs og kor ein er i høve til måka - At me har ein klar plan for arbeidet i det dagelege og over tid - At me veit kor me vil og kvifor - At me er bevisste på kva me jobbar mot | <p><u>Løysingsorienterte:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - At me ser løysingar, ikkje problem - At me er positive - At me tør å prøve - At me er opne for andre sine løysingar | <p><u>Tillit:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - At me stolar på kvarandre - At me er ærlege - At me har trua på - At me er lojale |

Om barnehagen

| Kontor: | Tommelise: (1-2år) | Veslefrikk (1-2år) |
|--|---|--|
| <p>Heidi Rønningen – Styrar Britt-Hege Bakken – Assisterande barnehagesjef</p> <p>Kjøkken: Matansvarleg: Liv Midtveit, kokk, 80% (Vikar 20%).</p> <p>TLF KONTOR: 35062280</p> | <p>Liv Åsne Romtveit, ped. leiar, 80% Nina Johansen, assistent 100% Randi Holte, fagarbeidar 100%</p> <p>TLF:</p> | <p>Marthe Sofie Aamot Ingvaldsen, konstituert ped.leiar, 100 % Rymma Loktionova, pedagog, 50 % Anita L. Kostveit, assistent, 80% Anette Moen, assistent 80 %</p> <p>TLF:</p> |
| Askeladden: (2-3 år) | Tyrihans: (3-5 år) | Hans og Grete: (5-6 år) |
| <p>Torlaug Halvorsdotter Versto, ped.leiar 100% Cecilie Andersen, spes. ped og ped. leiar, 80% Tine Helen Møller, assistent 60% Agnieszka Pedzich, fagarbeidar, 100% Geir A. Tjønn, fagarbeidar, 100 %</p> <p>TLF:</p> | <p>Anja Borgersen, ped.leiar, 80% Anne Hilde Vaagen, ped.leiar, 100% Elin Svalastoga, vernepleiar, 80 % Elisabeth Tveiti, assistent, 80% Khalid Ibrahim, assistent, 80%</p> <p>TLF:</p> | <p>Gunvor Karoline Seltveit, ped.leiar, 80% Kristine Kaldråstøyl, ped.leiar, 100% Aud Marit Myran, assistent, 60 %</p> <p>Kristin Myrvang, fagarbeidar, 40 %</p> <p>TLF:</p> |


Frammøte

Opningstida i barnehagen: 06.45 – 17.00. Barnehagen må få beskjed når barnet ikkje kjem i barnehagen, eller om det kjem etter kl. 09.30.

Blir barnet henta av andre enn føresette eller skal bli med andre barn heim, må me få beskjed om dette.

Hugseliste:

- God handhygiene er kjempe viktig for å føre bygge smitte og sjukdom, alle barn SKAL vaske hendene når dei kjem i barnehagen kvar dag.
- Namn i klede/sko, andre ting barnet har med seg i barnehagen som til dømes sutt, bamse.
- Tilstrekkeleg med klesskift som passar til dei ulike årstidene, alle barna skal ha reine klede når dei kjem i barnehagen, dei skal ha sko og klede som passar og er komfortable å bevege seg i.
- Ta med eigen solkrem til barnet ditt.
- Det er føresette sitt ansvar å rydde og halde orden i garderobeskåpa. Det er viktig å ikkje ha med for mykje klede, sidan plassen ikkje er så stor. Alle klede i grovgarderoben skal tas med heim kvar fredag.
- Viktig at de fylgjer med på telefon og e-post. De vil få informasjon frå barnehagen via Min barnehage-app (visma) og på e-post.



Tilvenning i barnehagen

Tilvenning i barnehagen vekker ofte sterke kjensler både hjå barnet og føresette.

Tilvenning har 3 formål:

1. Tilvenne barnet det nye miljøet og hjelpe barna i tilknytingsprosessen
2. Gje barnet ein sjans til å bli tilstrekkeleg godt kjent med minst ein tilsett, slik at den personen kan fungere som ei erstatning for føresette den tida barnet er i barnehagen
3. Hjelpe barna til oppleve tryggleik og omsorg utan sine føresette, der dei blir tilknytt nye vaksne for å kunne engasjere seg i leik og utforsking.

Kvart barn som begynner i barnehagen får ein vaksen som sin primærkontakt. Primærkontakten har eit spesielt ansvar for å fylgje opp sine barn og barnas foreldre. Primærkontakten skal kvar dag legge vekt på å gje sine barn litt ekstra merksemd, samtale med barna og ha eit ekstra auga for at dei har det godt i barnehagen.

Me vel primærkontakt til kvart enkelt barn før det startar i barnehagen. Det kan skje at me bytter primærkontakt viss me ser at barnet knyter seg til ein annan tilsett.

Brandtzæg mfl., samanliknar barnets hjerne med ei lampe, og at tilknyttinga er kontakten som setjast i. Når barnet er saman med sine føresette, sit kontakten i, og når føresette leverar barnet i barnehagen, trekkast kontakten ut.

Barnet er då avhengig av at nokon set kontakten inn att. Dette synleggjer kor viktig det er at barnet knyt seg til ein tilsett i barnehagen i tilvenningsperioden. Barna har også eit behov for eit tryggleiksobjekt. Eit tryggleiksobjekt er noko som er kjent og trygt, slik som ein sutt/bamse/kosefille. Det kan også vera ei favorittleike.

Det er viktig at personalet blir godt kjent med barnet i denne perioden. Barnets rutinar, når det viser at det er svolten, tørst eller treng eit fang. Når me viser at me forstår barnet, får det tillit til oss og det gjev større tryggleik i den nye kvardagen.

Barn er ulike, nokon er vant til å omgå andre barn og vaksne, mens andre har vore mest åleine med få familiemedlemmar. Når mor eller far vinkar hadet, i høve til lampemetaforen, trekker ut den trygge og nære kontakten, vil barnet kjempe for å finne tilbake til tryggleikfølelsen. Då er det viktig at den vaksne som barnet er trygg på er til stades og kan vise barnet at: «at hjå meg er du trygg».

Lurt å tenke på i tilvenningsfasen

- Dei fyrste dagane må vera korte. Dei treng hjelp og tid til å bli kjent med dei nye omgjevnadane. I hovudsak er det primærkontakten som fylgjer barnet i tilvenningsperioden også.
- Tenk at det tek lang tid å bli trygg på den nye kvardagen. For nokon kan dette ta fleire månader. Me brukar den fyrste tida på å bli godt kjent med barnet ditt, og barnets rutinar.
- Dei som søv i barnehagen ynskjer me at skal søva i vogn. Årsaka er blant anna at barna søv i «vognrom» i barnehage. Ein annan viktig årsak er at barna føler seg trygge i vogna si. Den har ei kjent lukt og kjennes lun og trygg.
- Barnehagen vil gjerne vita kva barnet søker når det er lei seg. Har barnet noko som gjer dei trygge, som ein kosebamse, fille/klut, sutt, dyne, pute ol, ta det med i barnehagen. Det er til stor hjelp og støtte for barnet. Det skapar ein forbindelse mellom heimen og barnehage (tryggleiksobjekt).
- Huset mitt: me ber dykk om å sende oss bilete av menneske, og dyr, som betyr mykje for barnet. Desse limar me på eit hus. Dette blir laminert og hengt på vegg i barnets høgde. Då kan barnet ta huset ned og kikke på det når dei ynskjer det. Huset representerer barnets trygge base.
- De må aldri vere redd for å ta kontakt med barnehagen om de lurar på noko eller synes ting er vanskeleg. Me er her for å gjere det beste for barna dykkar, og det er de som kjenner dei aller best. Er det noko dei er spesielt opptekne av?
- Barnet kjem til å vise følelsar når de reiser, noko som er bra. Det som er viktig å tenke på er å stadfeste desse følelsane, at det er lov å være lei seg, at ein forstår følelsen.


- Barnehagen ringer heim viss me ser/opplever at barnet er utrøysteleg.



Tryggleikssirkelen: Tilknytning og utforsking

Tryggleikssirkelen bygger på mange års forskning omkring tilknytning og viser oss korleis dei grunnleggande behova heng saman.

Barnehagen har denne sirkelen framme på avdeling for å minne oss på kor viktig dette er. Finne ut av kor barnet er behovs- og kjensle messig.



I nedre del av sirkelen ser me barnets avhengighet og behov for beskyttelse. Handa som tek imot nedst til venstre er den sikre hamna i form av ein nær og trygg vaksen som barnet kan få hjelp, trøyst og nærleik hjå. Når behovet for tilknytning blir slått på betyr det at barnet treng nærleik til ein vaksen. Ofte handlar det om eit heilt grunnleggjande og naturleg behov for nærleik og stadfesting, eit behov for kjenslemessig påfyll.

I øvre del av sirkelen ser me barnets sjølvstende og utforskartrong, barnets behov for å erobre og meistre verda. Den øvste handa representerer også den vaksne, men her fungerer handa som ein trygg base for barnets utforsking.

Barnet tek seg ein tur ut i verda, som for eit lite barn kan vere å krabbe bort til leikekassa, i trygg forvissing om at den vaksne er der og passar på.

Som vaksne skal me alltid hugse på å vera:

STØRRE:

Større enn barnet, du kan ta grep, organisere, planleggje, førebu og ha kontroll på situasjonen.

Når barnet kjenner at du som vaksen er større på denne måten, vil dei kjenne seg trygge!

STERKARE:

Sterk nok til å beskytte barnet fysisk, men og sterkare enn barnet kjenslemessig. Når barnet blir stressa, redd, sint eller frustrera, må dei vaksne ha styrke nok til å stå i dei vanskelege kjenslene. Når me vaksne gjeng ned på sama nivå som barnet, t.d. blir like ute av oss som barnet, merkar barnet at me blir svake og kan kjenne seg utrygg.

KLOKARE:

Barn treng vaksne som forstår meir enn dei, som kan forklare kva som skjer rundt dei. I vaksne si forståing og kunnskap ligg og mogelegheita til å forstå kva som skjer med dei emosjonelt. Når den vaksne kan seta ord på det barnet kjenner og gje det ei utvida forklaring på reaksjonen sin, vil barnet både roe seg raskare, og samtidig bli betre kjent med seg sjølv og sine egne følelsar. Å vere klokare saman med barnet handlar og om å balansere det å vera større og sterkare enn barnet, samtidig behalde godheita. Altså: setja grenser, sei nei og ta tak, men utan å vere skremmande eller krenkande ovanfor barnet.

GOD:

Med godheit meiner me at barnet opplever oss som venlege og snille. Å behalde godheita i dei situasjonane me må seta grenser og ta tak, styrkar barnets sjølvkjensle og verdighet på ein grunnleggande måte. Det gjer og at barnet lettare vil høyre på deg. Utan godheit, kan me koma til å virke skremmande på barnet.

<https://www.youtube.com/watch?v=9NXk9LFD8FY> https://www.youtube.com/watch?v=UNDD-Wx_p4M <https://www.youtube.com/watch?v=kBgHPz7866o&t=3s> (Video frå folkom.no som omhandlar tryggleiksirkelen).

Ny mobbelov – aktivitetsplikt



Frå 01.01.21 fekk barnehagen eit nytt regelverk for barnehagemiljøet.

§41 nulltoleranse og førebyggjande arbeid

§42 Plikt til å sikre at barnehagen har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

§43 skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenkar eit barn

Endringane i barnehageloven krev at barnehagane arbeider systematisk for å førebygge utestenging og mobbing, og at dei skapar eit godt miljø der barna trivst og er sosialt inkludera.

Rammeplanen stiller allereie krav om dette, no vert forpliktinga tatt inn i lova. Det skal sikre at alle barn får hjelp av vaksne til å ta godt vare på kvarandre.

I framkant av denne loven deltok Vinje kommune i eit landsomfattande prosjekt i UDIR (utdanningsdirektoratet) sitt nasjonale kompetanseutviklings tilbud IBSM (Inkluderande barnehage og skulemiljø,) i perioden oktober 2018 tom desember 2020.


Målet for prosjektet var å styrke barnehagar, skular og eigar sin dugleik i å skape og oppretthalde gode barnehagar – og skulemiljø, samt førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.

Regjeringa har innført aktivitetsplikt. Den inneber at barnehagen har eit ansvar for å fylgje med på korleis barna har det. Barnehagen har også eit ansvar for å undersøke og sette inn tiltak når personalet har mistanke om at eit eller fleire barn ikkje har det bra. Det same gjeld når barnet, eller foreldra, seier at barnet ikkje har det trygt og godt. Barnehagen har plikt til å lage ein skriftleg aktivitetsplan for å sikre god oppfylgning.

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/barnehage/ny-barnehagelov/>



Kjernekomponentane i IBSM:



Tema i IBSM:

- Mobbing/krenkingar
- Relasjonar/relasjonsbygging/relasjonskompetanse
- Ein forutsigbar kvardag
- Leikekompetanse/Sosial kompetanse
- Venskap
- Når vaksne krenker og/eller mobbar barn
- Ulike formar for mobbing
- Mekanismane i eit utrygt læringsmiljø
- Korleis jobbe med kjensler

Vaksenrolla

Me kategoriserer vaksenrollen med fire vaksenstilar: autoritativ, ettergivande, forsømmande og autoritær. Vaksenstil handlar om korleis me til vanleg oppfører oss eller reagerer i møte med barn. Forsking over mange år har vist at ein autoritativ vaksenstil med ein kombinasjon av innleving frå varme vaksne og tydelege grenser, er den beste måten å støtte barnets utvikling på. Haldningar og bevissthet kring eigen vaksenstil gjer at me i større grad utøver den autoritative vaksenstilen – også i utfordrande situasjonar.

Målet er å vera autoritative vaksne, varme og grensesetjande.

Å vere ein autoritativ vaksen inneber å vise varme og omsorg ovanfor barnet, samtidig som ein er tydeleg. Ein autoritativ vaksen arbeider bevisst med å utvikle gode relasjonar til barnet og viser ein akseptierende haldning. Den har klare forventningar til barnet, og fylgjer det opp på ein tydeleg måte når det gjeld grenser og normer. Ein autoritativ vaksen etablerer gode standardar for åtferd. Den påverkar barnet i positiv retning, også dei med utfordrande åtferd.


Å vere ein ettergivande vaksen inneber at den er responderande og støttande ovanfor barna, men har vanskar med å vere tydeleg dersom det er behov for dette. Ein ettergivande vaksen vil ha problem med å stille krav til barnet og følgje dei opp på ein konsekvent måte. Det vil vera vanskeleg å setje grenser for barnet i situasjonar der det er naudsynt. For barn med krevjande åtferd kan dette skape vanskar. I slike tilfelle er det viktig at barnehagen har klare rammer på korleis dei jobbar med å implementere den autoritative vaksenstilen.

Ein forsømmande vaksen viser i liten grad interesse for å byggje positive relasjonar til barnet, og den er og i liten grad til stades i barnets tilvære med normer, krav og kontroll. Den er i mindre grad opptatt av barnet eller kva barnet gjer. Ein slik vaksenstil kan vere svært uheldig for barnet, og har negative konsekvensar på mange viktige utviklingsområde. Blir eit barn utsatt for denne vaksenstilen vil det kunne få problem med å knytte positive relasjonar. Det kan også få store konsekvensar for barnet under oppveksten og elles i livet, viss dette utviklar seg til manglande evne til å skape tilknytning til andre. Er ein vaksen forsømmande medfører det til at barnet ikkje greier å utvikle sin evne til å ta imot beskjedar og møte kontroll seinare i livet. Ein forsømmande vaksenstil forbindas med omsorgssvikt.

Den autoritære vaksenstilen ber preg av at den vaksne har behov for å ha kontroll over barnet og sette klare rammer for barnets åtferd. Den vaksne tek i liten grad omsyn til barnets perspektiv og medverknad. For ein vaksen med autoritær vaksenstil betyr det ikkje så mykje å etablere ein varm og tillitsfull relasjon til barnet, noko som skapar ein ubalanse mellom den vaksne sitt fokus på kontroll og den varme relasjonen. Ein slik vaksenstil byr på meir kulde enn varme. Når den vaksne har ein slik vaksenstil kan det auke aggresjon og motstand hos barnet. Barnet kan svare ved å vise aggresjon

tilbake, eller ved å stenge aggresjonen inne. Når eit barn opplever at kontrollen, krava og den negative responsen frå den vaksne blir sterk, kan barnet føle seg mindreverdige eller lite meningsfull for den vaksne.

- Kva vaksenstil har du i møte med barn?
- Er det ulike situasjonar som opplevast utfordrande?



https://www.youtube.com/watch?v=v_1xKUp-FkQ

Kva for barn får me, når dei møter autoritative vaksne?

- Barna blir sosialt kompetente
- Barna blir sjølvstendige
- Barna blir trygge, får god sjølvkjensle og blir sikre på seg sjølv.
- Barna syner respekt
- Barna blir nysgjerrige og mindre stressa
- Barna blir kjent med egne og andre sine kjensler



Optimistene

Barnehagens satsingsområder

Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBSM)

- I Rauland barnehage skal me alle bidra til at barn får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik
- Rauland barnehage skal støtte alle barn i å mestre motgang, handtere utfordringar og bli kjente med eigne og andre sine kjensler
- Personalet i Rauland barnehage skal førebyggje diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster



Språk

- Språkleik på alle avdelingar
- Alle barn skal oppleve høgtlesing kvar dag
- Me har språkgrupper i barnehagen – både for dei som treng språktrening/støtte og dei som er fleirspråklege/framandspråklege
- Bruke språket for å skape relasjonar og som reiskap til å løyse konflikhtar
- Vidareutvikle omgrepsforståinga og bruke eit variert ordforråd
- Leike, improvisere og eksperimentere med rim, rytme, lyd og ord
- Møte eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer
- Oppleve spenning og glede, ved høgtlesing, forteljing, song og samtale
- Utforske og gjera seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, t.d. leikeskrift, teikning og bokstavar og gjennom ulike lese og skriveaktivitetar

Leik og relasjonsbygging

- Fokus på at barn får utvikle og trene på sin leikekompetanse
- Eit personale som er aktiv deltakande i barns leik, og som veit at det er dei som har ansvaret for å bygge gode relasjonar barn-barn, barn-vaksen
- Organisere rom, tid, og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik.
- Barna er i leik over tid, bla leikegrupper, der personalet er tilgjengeleg for barna og gjev dei felles erfaringar gjennom å legge til rette for ein god leik
- Verne om god leik
- Eit personale som legg til rette for gode samspel, der barna får erfaring og moglegheit til å tolke andres barn leikesignal og inkludere kvarandre inn i leiken
- Barna opplever at dei høyrer til, ved at personalet støttar barna med å setja ord på det dei gjer saman

- Eit personale som støttar opp om barnas vennsksapsrelasjonar
- Alle barn skal oppleve eit miljø prega av glede og meistring
- Barna skal ha rike moglegheiter til å sette ord på eigne tankar, meiningar og følelsar. Dei skal oppleve at det blir vist interesse og engasjement for det dei seier, gjer og gjer uttrykk for i kvardagen.

Førebygging av vald og seksuelle overgrep

- Fokus på å snakke om kroppen. Barna skal bli kjent med egen kropp og egne kjensler.
- Dei skal lære og setje grenser for seg sjølv og sin kropp, samt respektere andres. Kva er lov og ikkje lov?
- Eit personale som ikkje er redd for å stille dei vanskelege spørsmåla
- Eit personale som vågar å sjå at eit barn har det vanskeleg
- Personalet skal ha kjennskap til handlingsplanen mot vald i nære relasjonar i Vinje kommune.
- Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet. Og ulike måtar å førebygge og avdekke omsorgsvikt, vald og seksuelle overgrep.

Nærværstrening og Theraplay:

Vinje kommune deltek i eit program for folkehelsearbeid, med prosjektet «Eg er meg og du er deg». Dette omhandlar livsmeistring og nærværstrening for barn. Program for folkehelsearbeid har som hovudmålsetjing at barn og unge i Telemark skal oppnå ei god psykisk helse og auka livskvalitet.

Ved å ha nærværstrening inn i barnehagen, ynskjer me å oppnå at dette blir ein integrert del av oppveksten til barn i Rauland barnehage. Målet er at 4-5 åringane skal ha systematisk nærværstrening, og at dei tilsette skal få god kompetanse til å gjennomføre dette. På sikt har me eit mål om at dette skal bli ein del av kvardagen, for alle aldersgrupper i barnehagen.

Gjennom systematisk nærværstrening i Rauland barnehage skal alle barn få:

- eit pusterom i barnehagen
- moglegheit for ro og kvile
- styrka sjølvkjensle og sjølvomsorg
- auka empati og evne til å forstå andre
- betre rusta til å takle motgang og stress
- evna til å setje sunne grenser og meistre eige liv
- får ei betre psykisk helse
- ta ei mental pause

- kjenne etter og tåle egne kjensler
- sette ord på egne og andres kjensler, korleis dei kan kjennes på kroppen og ikkje berre observere i ansikts- eller kroppsspråk
- får ein betre kroppsbevissthet for å kunne sette grenser for seg sjølv og ovanfor andre (f.eks massasje som er behageleg eller vondt).
- Hjelpe barn med oppmerksomhets- og hyperaktivitetsvanskar å trene på å regulere seg.
- Hjelpe alle barn med å øve seg på regulering og avspenning.

«Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som og verdset omsorgshandlingane til barna» (Rammeplanen,2017).

Theraplay

Theraplay er relasjonbaserte aktivitetar/leikar for barn og vaksne. Dette skal bidra til å styrke tilknytning, auke sjølvkjensle, meir tillit til andre menneske og gledesfylt samspel. Dei ulike aktivitetane er med på å gje barna reguleringsstøtte. Me har god erfaring med å nyte dette verktøyet i barnehagen. Theraplay kan brukast både på enkeltbarn og grupper med barn. Me vil gjera oss enda meir kjende med dette framover og ser god nytte av å få dette inn i barnehagen.

Informasjon om Theraplay: <http://theraplay.no/Theraplay.html>

Barnehagens pedagogiske plattform

Barn er kompetente, nysgjerrige og utforskande. I samspel med andre og miljøet rundt, skapar barn ny kunnskap og eigen identitet.

I barnehagen skal barn møte vaksne som ser det unike i kvart enkelt barn. Barna får moglegheiter til å utvikle tankar, mot og kunnskap. Dei vaksne lyttar, ser og utfordrar barnas tankar og handlingar, og let seg inspirere av barnas undring og spørsmål. Me legg til rette for at det enkelte barnet blir kjent med seg sjølv i relasjon til omverda. Me formidlar verdiar som er grunnleggjande for demokrati og samfunnsutviklinga.

Læringsmiljøet er fleksibelt og det leggjast til rette for at det utfordrar barna, gjev nye opplevingar og gode læringsmoglegheiter.

Barns medverknad

Barn skal ha rett til å medverke, tilpassa barnets alder og føresetnadar. Barn skal med jamne mellom rom få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd (FNs barnekonvensjon, barnehagelova og grunnlova).



Tiltak for å oppnå dette:

- Merksemd overfor barnas non-verbale kommunikasjon, samt deira meiningar og idear
- Legge til rette for gode leikemiljø inne og ute
- Å bruke observasjon som verktøy for å kunne fylgje barnas interesser, relasjonar, leik og aktivitetar
- Barna skal oppleve tryggleik og bli sett
- Relasjonsskapande aktivitetar

Danning gjennom omsorg, leik og læring

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanetisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiøing, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn som er forankra i menneskerettigheitene (barnehagelova, §1).

Tiltak for å oppnå dette:

- Fokus på å byggje relasjonar, gode samspelsmønstre, leikegrupper, leikekompetanse og konfliktløysning
- Vera gode rollemodellar og leggje til rette for godt samspel
- Barn og vaksne er likeverdige partnerar, der den vaksne anerkjenner barns initiativ til å ta og få ansvar

Gjere barn merksame på andre sine kjensler og støtte dei til å reflektere over eigne handlingar

- Filosofere, samtale og undre seg over ulike kvardagsepisodar.



Fysisk miljø som fremjar barns utvikling

Barnehagen skal gje barn moglegheiter for leik, livsutfolding og meiningsfylte opplevingar og aktivitetar (barnehagelova §2).

Tiltak for å oppnå dette:

- Personalet observerer bruk av romma, legg til rette og innreiar det fysiske miljøet etter barnas alder og føresetnad
- Personalet skal saman med barna ta vare på, og halde orden i leiker og utstyr
- Personalet legg til rette for at det finnast variera leiker og materiell
- Personalet legg til rette for miljø som utfordrar barnas tankar og nyskaping
- Barnehagen brukar naturområde og nærmiljøet

Inkluderande fellesskap med plass til det enkelte barnet

Barnehagen skal møte barnet med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egen verdi.

Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Barnehagen skal ta omsyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, her av samiske barns språk og kultur (barnehagelova).

Tiltak for å oppnå dette:

- Personalet lyttar, ser og utfordrar barnets tankar, handlingar og let seg inspirere av barnets nysgjerrigheit og spørsmål
- Me legg til rette for at det enkelte barnet blir kjent med seg sjølv i relasjon til verda rundt seg
- Me formidlar grunnleggjande verdiar for demokrati og samfunnsutvikling ✓
Barnas meiningar og ytringar blir høyrte i fellesskapet

Sosial kompetanse, livsmestring og helse

Barnehagen skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap.

Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gje rom for barns eiga kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.



Tiltak for å oppnå dette:

Personalet vernar om gryande venskap og legg til rette for at venner får vera saman

- Støtte barna i å sette egne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- Personalet må gjere seg kjent med og bruke konfliktløysingsmodellen
- Førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelsar og uheldige samspelsmønstre.
- Personalet observerer barnas trivsel og sette i verk nødvendige tiltak i forhold til dette.
- Personalet legg til rette for gode samhandlingsmønster.
- Personalet set ord på ulike kjensler saman med barna.
- Personalet skal heve statusen til barn som har låg status i barnegruppa.

https://www.youtube.com/watch?v=pSd_vMUwpBk



Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagens pedagogiske verksemd skal planleggast, dokumenterast og vurderast.

Barnehagen skal legge til rette for medverknad frå barn, foreldre/føresette, tilsette og eigar. Barnegruppas og det enkeltes barns trivsel, språk og utvikling skal observerast og vurderast fortløpande (barnehagelova).

Tiltak for å oppnå dette:

- Månadsbrev til foreldre frå avdelinga
- Bilete i Min barnehage-app (visma)
- Personalet planlegger, dokumenterer og reflekterer over den pedagogiske verksemda, med utgangspunkt i barnas interesser og initiativ, personalets kunnskap og føresette sine tilbakemeldingar
- Refleksjonstid – avdelingsmøte, leiarteammøte, fagmøte og personalmøte
- Dele erfaringar og progresjon i arbeidet mellom avdelingane gjennom året på personalmøte
- Personalet skal evaluere eige og felles arbeid.

Samarbeid med barnas heim

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd (FAU) og eit samarbeidsutval (SU) (barnehagelova).

Samarbeid mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål (Rammeplanen).

Tiltak for å oppnå dette:

- Samarbeide med FAU og SU.
- Alle foreldre får tilbod om to foreldresamtalar i året. Om det er behov kan det avtalast fleire.
- Tilbakemeldingar frå foreldre gjennom FAU, brukarundersøking og andre tilbakemeldingar, skal brukast til refleksjon og vidare arbeid.
- Me har ulike møter i løpet av året, minimum to foreldremøte, ein temakveld og FAU-møter.

Gode overgangar mellom avdelingar i barnehagen

Brandtzæg mfl. seier: barn over tre år har også behov for tilknytingspersonar. Det er og viktig å tenke på og legge til rette for dette i overgang mellom ulike avdelingar i barnehagen. Overgang frå ei avdeling til ei anna inneber ei stor endring for barnet. Det kan vera vanskeleg og barna kan reagere ulikt på endringar. Dette skal takast omsyn til.

Viktige ting å tenke på når det gjeld tilvenning og innkøyring av litt eldre starterar/overgang mellom avdelingar:

- Eldre barn skal og ha ein primærkontakt, som har eit ekstra auge til sitt primærbarn.

Korte dagar er lurt, dette gjeld også «gamle» barn, då det kan vera mange inntrykk å ta innover seg etter ferien. Det kan vera ny gruppesamansetning, nokon av dei gamle leikekameratane som har byrja på skulen, at barnet «mistar» sin gamle trygge vaksne eller har blitt størst i gruppa. Dei treng tid til å finne sin plass i den nye gruppesamansetninga (Fagereng 2015, Velkommen til barnehagelivet)
- Mange eldre barn har også behov for tryggleiksobjekt som t.d. ein bamse i ei overgangsperiode.

- Primærkontakten er med å hjelper og rettleiar barnet inn i leiken med dei andre barna
- Barnehagen tek omsyn til allereie knytt venskap, i forhold til gruppesamansetning.
- Ved nytt barnehageår er det viktig å dela ungane i mindre grupper. Det blir trygt og godt for ungane, enklare å koma inn i leik og andre aktivitetar. Som vaksen må me organisere rom og tid, samt leggje til rette for eit lærande fellesskap.
- Etter påske skal me ha klar ny barnegruppe som skal vera saman frå nytt barnehageår. Me startar då med hospitering på nye avdelingar. Dette for at barna skal bli kjent som gruppe og trygge på ny avdeling. Me ynskjer at det er minst ein kjent vaksen som fylgjer barnegruppa over på ny avdeling.

Overgang barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med skulen, legge til rette for barns overgang frå barnehage til skule og eventuelt SFO (barnehagelova).

Alle barnehagane i Vinje kommune fylgjer plan for overgang frå barnehage til skule som heiter frå «eldst til yngst», denne ligg på heimesida til Vinje kommune.

<http://www.vinje.kommune.no/~media/barnehagar/edlandbarnehage/dokumenter/planfor-overgang-barnehage-og-skule.ashx>

Tiltak for å oppnå dette:

- Overføringsamtalar med skulen, der barnehagen delar informasjon om kvart enkelt barn og om gruppas dynamikk. Me snakkar også om allereie opparbeid venskap, om det har vore tilløp til mobbing, styrker i gruppa ol.
- Plan for skulevitjing – førskulegruppa
- Skuleførebuande aktivitetar
- Alle skal ha lært å skrive namnet sitt før dei begynnar på skulen

Alle må øve på blyantgrepet

- Føresette som skal nytte seg av SFO-tilbodet, ynskjer me at søker om SFO plass f.o.m. august før dei begynnar på skulen. Dette for å gjere barna trygge på SFO før skulestart.

- Barnehage og skule har eit møte i desember kvart år, der me får informasjon om barna som har gått eit halvt år i 1. klasse. Dette er for at barnehagen skal få tilbakemeldingar på om jobben me gjorde i barnehagen var god, eller om det er ting me treng å endre på.



Spesialpedagog-team

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barnas behov og føresetnader, også når nokre barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gje barna eit inkluderande og likeverdig tilbod. (...) For nokre barn kan tidleg innsats innebere at personalet arbeider særleg målretta og systematisk – over kortare eller lengre periodar – med å inkludere barnet i meningsfulle fellesskap» (Rammeplanen, 2017, s. 40)

Ein spesialpedagog legg til rette for gode lærings- og oppvekstvilkår for personar som har særskilde læringsbehov.

Barnehagen har ei gruppe med utdanning/vidareutdanning innanfor spesialpedagogikk som sit i eit eige team. Dette teamet gjer at me tidleg kan kome inn og gje barna den støtta dei treng.

Gruppa brukar aktivt pedagogisk analyse på gruppe og individnivå. Dei drøftar og set i gang tiltak kring sakar som gjeld bla. vaksenrolla, barnegrupper og individuelle barn. Me har relasjonsanalyser og sosiogram som vert nytta på kvar avdeling i mellom teammøta – desse er nokre av dei viktigaste ressursane som vert nytta.

Tiltak for å oppnå dette:

- Relasjonsanalyser
- Sosiogram
- Drøfting av sakar
- Pedagogiske analyser (på gruppe og individnivå)
- Tidleg innsats

FAU i Rauland barnehage

For å sikre samarbeid med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (barnehagelova).

Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra (Rammeplanen).

FAU skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa. Saman skal me skape eit godt barnehagemiljø. FAU er eit fora som føresette kan ta kontakt med om det er noko dei ynskjer å ta opp med barnehagen. Ting som nokon synes kan vere vanskelege å ta opp sjølv. Det kan både vere små og litt større saker.

I utgangspunktet så er foreldrerådet heile foreldregruppa i barnehagen. I Rauland barnehage har me ynskt å gjera det på ein litt annan måte. Me har vald å ha to representantar frå kvar avdeling, pluss ein leiar og ein nestleiar til å vere medlemmer i FAU.

Styrar i barnehagen skal ha møte med FAU i etterkant/forkant av foreldremøte, elles ved behov. Minimum 3 gonger i året. Assisterande barnehagesjef deltek også på alle møta. Me har FAU-møte når me startar opp med nye ting i barnehagen, som t.d. ny mal for oppstartssamtale med føresette, tolke resultat av brukarundersøking, tilbakemeldingar frå føresette ol.

Dei som sit i FAU og representerer førskulegruppa må huske på at dei har ansvaret for fana 17.mai og sommarfesten for førskulegruppa i barnehagen som me har i juni kvart år. FAU delegerer ansvar for kakebaking til felles sommarfest.

FAU året 2022/2023:

Leiar: Gro Garden, gro_no@yahoo.no

Nestleiar: Marthe Kristine Nordjordet, marthenordjordet@hotmail.no

Det er bare å ta kontakt med ein av desse via e-post.

Retningsliner for matservering

Retningslinene våre bygger på:

- Nasjonale retningsliner for mat og måltid i barnehagen
- Kokkens kompetanse

Mat:

- Legge til rette for to faste ernæringsmessige fullverdige måltid kvar dag
- Sette av god tid til kvart måltid, minimum 30 minuttar til å eta, slik at barna får i seg tilstrekkeleg med mat
- Legge til rette for barn som ikkje har ete frukost heime. Dei må ha med seg nyste. Frukosten avsluttas kl. 8.30
- Ha maksimum 3 timar mellom kvart måltid. Nokon barn, særleg dei yngste kan ha behov for å eta oftare, noko me legg til rette for
- Dei vaksne skal ta aktiv del i måltidet. Dei et saman med barna
- Legge til rette for at måltidet skal bli triveleg
- Sørge for god hygiene i forbindelse med måltid, matlaging og oppbevaring.
- Barn skal få medverke i matlaginga. Faste matgrupper som lagar mat ein gong i veka. Desse roterast på.
- Me har egne kjøkenhagar der barna får vere med å plante og hauste. Her får me vere med på heile prosessen rundt korleis maten blir til.
- Maten skal vere varierende og gje variera smaksopplevingar.
- Maten skal setjast saman av mat frå fylgjande tre grupper:
 1. Grovt brød, grove kornprodukt, poteter, ris ol
 2. Grønsaker og frukt/bær
 3. Fisk, kjøt, ost, egg ol

- Drikke til måltidet er lettmjølkk eller vatn. Ris-, havre- eller soyamjølkk til dei som brukar det.
- Vatn er tystedrikk mellom måltida. Alle barn har med kvar si drikkeflaske som dei har i barnehagen. Denne flasken har dei tilgang til heile tida.

Om det er barn med ulike allergiar tek me sjølvsagt omsyn til dette. Ta kontakt med barnehagen så tek me ei samtale, slik at me finn ut av korleis me skal handtere dette.

Trafikksikker barnehage



Vinje kommune er ein trafikksikker kommune, noko som tilseier at Rauland barnehage er ein trafikksikker barnehage. Me treng hjelp av dykk føresette til å bli enda betre på dette. Viktig at de husker på trafikksikkerhet når de hentar og bringer i barnehagen, og elles.

Fint viss de set frå dykk bilen slik at de slepp å rygge ut att. Parker på tilviste plassar og ikkje stå på tomgang. Når de går inn/ut av barnehagen må de alltid sjekke at porten er att. Barnet skal ikkje klatre over gjerdet/port.

Me brukar Tarkus i barnehagen som eit førebyggjande tiltak når det gjeld sikkerheit i trafikken. Tarkus er ei handdokka til bruk i barnehagens samlingsstund. Tarkus er eit beltedyr som er opptatt av trafikk. At småbarn vekslar mellom fantasi og verkelegheit, begeistrast av forteljingar om dyr og fantasifulle figurar, er noko me ynskjer å utnytte i opplæringa. Det er det som gjer Tarkus til eit kraftig pedagogisk verktøy. På ryggen har Tarkus ni belter, men når han køyrer bil har han ti. Då kallar han seg for bilbeltedyr. Nysgjerrig, undrande og tolmodig er han ein naturleg deltakarar i samlingsstund. Me oppmodar føresette til å kikke på trygg trafikk sine nettsider. <https://www.tryggtrafikk.no/barnehage/>

HUGSEREGLAR FOR BARN I TRAFIKKEN

1. BRUK AUGO!

Sjå deg alltid godt for når du er ut i trafikken.

2. BRUK ØYRO!

Det er ikkje alltid du kan sjå bilane som kjem. Høyr etter om det kjem ein bil du ikkje ser – bak eit hus, rundt ein sving eller over ein bakketopp.

3. STOPP OPP!

Stopp alltid opp før du går over vegen. Sjå til begge sider, høyr og sjekk om alt er klart.

4. BRUK REFLEKSVEST!

Refleksvest gjer at du synes godt i dagslys og refleksen vil lyse i mørkret når det kjem bil. Når du blir sett, blir du tryggare.



Adresse: Raulandsvegen 1447, 3864 RAULAND

E-post: heidi.ronningen@vinje.kommune.no

Tlf: 35062280/90646483

E-post: britt.hege.bakken@vinje.kommune.no

Tlf: 35062287/92022138